

Gul Liste

Gul Liste er sentrumsalternativet i studentpolitikken på UiB, me sett studentane i sentrum! Me tar utgangspunkt i at alle har det same menneskeverdet og derfor jobbar me for at alle studentar skal få dei same moglegheitene på UiB.

Me har derfor 6 hovudsaker for å betra kvardagen til studentane:

Ta ansvar for å nå berekraftsmåla!



Universitetet i Bergen har og skal ha ei leiande rolla framover for å nå berekraftsmåla FN har satt seg. Gul Liste meiner at UiB skal bruke meir forskningsressurser på miljø og berekraft, og jobbe for at ein skal bli det leiande universitetet på berekraft i Noreg.



Eit universelt utforma studie!

Uansett vanskar skal studiet være tilrettelagt slik at alle kan fullføre det og oppleve ein komplett studiekvardag. Uansett om det er fysiske, sosiale eller psykiske vanskar, så skal Universitetet i Bergen tilrettelegge for kvar og ein.



Ei betre fadderveke for alle!

Rundt halvparten av alle studentane ved Universitetet i Bergen meiner det er for mykje alkohol i fadderveka. Derfor meiner Gul Liste at ein også må finne alternativ som promotere gode sosiale arenaer der alkohol ikkje står i sentrum. Dette kan være tapaskveld, brettspillkveld eller andre liknande aktivitetar.



Ingen studentar skal være einsame!

Studentene si helse og trivselundersøking viser at 1 av 3 studentar er einsame. Mange studentar har flytta heimafrå for første gang og trenger gode arenaer å møtast på. Gul Liste meiner derfor at ein må oppretta fleire lavterskel arrangement.



Lettare for studentar med barn!

Kvar fjerde student har barn og og Universitetet i Bergen må tilrettelegga for at de kan få ei best mogleg kvardag i sitt studie. Obligatoriske oppmøte må gjerast på ein slik måte at det ikkje hindrer studentar i å vise den omsorga barnet deira treng.



Stikkontakt i alle auditorium og lesesalar!

Universitetet i Bergen krev at alle studentar har pc i undervisninga og Gul Liste meiner at det derfor må vere tilstrekkeleg med stikkontakter i rom som vert brukt til undervisning og studiearbeid.